



Modalen kommune
Postb. 44
5732 MODALEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Modalen kommune - budsjett og økonomiplan

Innleiing

Modalen kommunestyre har i møte 12.12.2019, sak 076/2019, handsama og vedteke budsjett for 2020 og økonomiplan for 2020 – 2023. Fylkesmannen har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrert). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Fylkesmannen vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik den er planlagt i budsjett og økonomiplan. Der det er manglar etter forskrift om budsjett og økonomiplan, har vi påpeika dette og bede kommunane følgje opp.

Oppsummering

Det er budsjettert med positive netto driftsresultat i heile planperioden, og resultatata ligg godt over det anbefalte nivået frå TBU (Teknisk berekningsutval) på 1,75 prosent. Kommunen har god beteningsevne, og finansierer deler av investeringane med avsette midlar/eigenfinansiering. Kommunen har god økonomi til å yte tenester til innbyggjarane sine, men er og klar på utfordringane som kan ligge i at over 40 prosent av inntektene kjem frå kraftproduksjon.

Budsjett 2020

Dei frie inntektene (rammetilskotet) er budsjettert etter prognosemodellen til KS etter statsbudsjettet. Kommunen har eigedomsskatt frå kraftproduksjon og kraftlinjer, i tillegg til naturressurskatt. I 2019 utgjorde inntekter frå kraftproduksjon ca. 43 prosent av samla inntekter, tilsvarande ca. 40 mill. kroner. I 2020 utgjør kraftinntektene ca. 48 mill. kroner.

Kommunen har vedteke eit låneopptak på 25,5 mill. kroner. Samla lånegjeld i prosent av driftsinntektene vil likevel ikkje utgjør meir enn ca. 40 prosent ved utgangen av året. Dei største investeringane er til nytt nærings- og tenestesenter og oppgradering av brannstasjon på Mo, for til saman ca. 40 mill. kroner. Eigenfinansiering til nytt nærings- og tenestesenter utgjør ca. 11 mill. kroner, som tidlegare er avsett til føremålet.



Fylkesmannens vurdering

Kommunen budsjetterer i samsvar med prognosemodellen til KS etter statsbudsjettet. Naturressursskatt og eidegdomsskatt frå kraftproduksjon gjer at kommunen har solid økonomi og god handlefridom. Det er teke høgde for ekstra utgifter som følgje av investeringane som er planlagt i år, og dette er lagt inn i budsjettet. I statistikkbanken til SSB finn vi at langsiktig gjeld (eks. pensjon) i prosent av brutto driftsinntekter utgjer 24 prosent for Modalen etter førebelse tal for 2019, medan talet for landet (eks. Oslo) utgjer 102 prosent. Budsjettet netto driftsresultat på 3,7 mill. kroner blir avsett til disposisjonsfond. Vi har ingen merknader til budsjettet for 2020.

Økonomiplan 2020 - 2023

Økonomiplanen viser positive netto driftsresultat i heile planperioden. Resultata ligg godt over anbefalt nivå og er planlagt avsett til disposisjonsfond. Samla investeringar i perioden utgjer om lag 61 mill. kroner, der ca. 44 mill. kroner skal investerast i 2020. Dette betyr ei lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter på 35 prosent ved utgangen av perioden, slik det no er planlagt. Lånegjeld per innbyggjar vil vere noko høgare ved utgangen av perioden med 93 095 kroner, mot 40 463 kroner ved utgangen av 2019. Dette er likevel eit lågt nivå.

Overføringar til tenesteeiningane viser om lag same nivå i planperioden, sett bort ifrå prisstigning og aktivitetsnivå.

Fylkesmannens vurdering

Kommunen har god økonomi til å yte tenester til innbyggjarane sine. Førebelse tal for 2019 viser at frie inntekter per innbyggjar utgjer 123 222 kroner, medan det på landsbasis utgjer 57 297 kroner. Kommunen har solid økonomi og god handlefridom, og folketalet har vore stabilt dei siste åra.

I ny kommunelov blir det lagt vekt på at kommunestyret skal vedta finansielle måltal for utviklinga av kommunens økonomi. Dette er med i plandokumenta både for netto driftsresultat og gjeld i prosent av brutto inntekter. Det kan og vere greitt at de tek med disposisjonsfond i prosent av brutto inntekter, og nokre ord om folketal og demografi. Budsjett- og økonomiplandokumenta er i samsvar med lov og forskrift, er ryddig og oversiktleg og eit godt plan og styringsdokument.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar Hæreid
ass. fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent